

# ÅRSPLAN

## Motlandsmarka barnehage 2023-2024

**“Saman om ein god barndom”**



**Omsorg og Tryggleik   Likeverd og Raushet   Leik og Glede**

## Innholdsliste

Barnehagen sitt samfunnsmandat .....	3
1.0 Presentasjon av barnehagen .....	3
1.1 Kommunen sin visjon: Me løfter i lag .....	3
1.2 Barnehagen sin visjon .....	4
1.3 Barnehagen sin eigenart .....	5
2.0 Barnehagen sitt verdigrunnlag .....	5
2.1 Barnehagen skal ivareta barna sitt behov for omsorg .....	5
2.2 Barnehagen skal ivareta barn sitt behov for leik .....	6
2.3 Barnehagen skal fremme danning .....	6
2.4 Barnehagen skal fremme læring .....	7
2.5 Progresjon .....	8
3.0 Fokusområde frå Kvalitetsplan for barnehagen .....	8
3.1 Godt språkmiljø for alle barn – Årets satsningsområde .....	8
4.0 Medverknad .....	10
4.1 Barn .....	10
4.2 Foreldresamarbeid .....	10
5.0 Overgangar .....	10
5.1 Når barnet begynner i barnehagen .....	10
5.2 Overgangar innanfor barnehagen .....	11
5.3 Overgang mellom barnehage og skule .....	12
6.0 Samarbeid .....	12
6.1 Samarbeid internt i barnehagen .....	12
6.2 Samarbeid med eksterne instansar .....	12
7.0 Vurdering .....	13
8.0 Tema og arbeidsmåtar .....	13
9.0 Inkluderande barnehagemiljø .....	14

## **Barnehagen sitt samfunnsmandat**

*Barnehagen sitt samfunnsmandat er i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barna sitt behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.*

*Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettighetane.*

*Barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskartrang. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggande kunnskapar og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.*

*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommen sin eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vera ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling, og motarbeide alle former for diskriminering.*

*Barnehagen sitt samfunnsmandat er å tilby barn under opplæringspliktig alder eit omsorgs- og læringsmiljø som er til barnet sitt beste. ( Lov om barnehagar, §1).*

### **1.0 Presentasjon av barnehagen**

Motlandsmarka barnehage er ein kommunal barnehage, som ligg i utkanten av Nærbø sentrum med mange flotte naturområder og fasilitetar like i nærleiken. Me har blant anna skog og mark, Jærmuseet, bibliotek og fuglepark som me nyttar ofte.

Me har eit spennande og variert uteområde som er delt inn i ulike soner og som gjer rom for leik i mindre grupper. Inne har me eige formingsrom, sanserom, puterom, eventyr-rom og grupperom. Her har me gode moglegheiter til å legge til rette for å dele i mindre grupper. Då er det lettare å sjå det enkelte barn, og lage gode rammar for å verne om leik og vennskap.

#### **1.1 Kommunen sin visjon: Me løfter i lag**

Kommunen sin visjon er «Me løfter i lag». I Motlandsmarka barnehage står me saman om å gjera det som er til det beste for barna og om å vera med å skape ein god barndom for barna.

Verdiane til Hå kommune er: Open. Driftig. Stolt.

- **Open:** For oss betyr open at me er imøtekomande, positive, tilgjengelege, inviterer inn, tek oss tid, deler glede og humor, byr på oss sjølve, er anerkjennande, møter vaksne og barn som likeverdige og at me er rause.
- **Driftig:** Betyr at me skal jobbe mot eit felles mål, er engasjerte og held oss fagleg oppdaterte, og får teori omsett i praksis. Me er fleksible, lagar gode planar for dagen, fordeler ansvar, har klare målsetningar og sett desse ut i praksis. Me evaluerer, vurderer og endrar praksis når det trengs.
- **Stolt:** Stolt vil seie at me er stolte over eigen arbeidsplass, me set pris på at me har ein meiningsfylt jobb, ser- og set ord på endringar me får til i fellesskap, verdier og barnesyn og kunnskap som me deler. Me er og stolte over våre gode kollegaer og det teamet som me alle er ein del av. Me framsnakkar kvarandre.

## 1.2 Barnehagen sin visjon

Barnehagen sin visjon er «Saman om ein god barndom». Ein god barndom er å oppleva leik og glede, tryggleik og omsorg, likeverd og rausheit. Det er å få relasjonar til nokre vaksne som du kan vera trygg på at vil deg vel og som ser deg for den du er. Vaksne som gjer deg akkurat det du treng av støtte for at du skal klare å meistre kvardagen sjølv. Det er å få oppleva vennskap med andre barn, ha god tid til leik, glede og humor; alt dette i samarbeid med foreldre.



### **1.3 Barnehagen sin eigenart**

I barnehagen vår har me fokus på å legge til rette for den gode barndom og verdsett gode relasjonar ved å møte barna på ein likeverdig og anerkjennande måte. Visjonen vår «Saman om ein god barndom» bygger på gode relasjonar mellom vaksne-barn og barn-barn . Kvaliteten i barnehagen ligg i relasjonane. For å illustrera vår eigenart har me laga vår eigen logo. Treet har røter under jorda som me ikkje ser. Det same tenker med at alle menneske me møter har. Alle har me noko inni oss som ingen andre ser. Det er både arv, miljø og tidlegare erfaringar som er med å påverke oss til å bli den me er. For at treet skal veksa og bære frukter, treng det næring. Det same kan me sei om alle oss menneske. For å kunne utvikle oss og ha det bra, treng me og næring. I barnehagen vår tenkjer me at den viktigaste næringa alle kan få er leik, glede, tryggleik, og omsorg. Alle barn skal bli møtt som likeverdige, med rausheit, og alle treng å få oppleve å vere ein del av eit fellesskap. Det er ut frå desse verdiane me skal møte alle barna som kjem til oss. Alle er ulike, og vår oppgåve er å møta dei der dei er. Me skal gje dei det dei treng for å læra å utvikle seg, til å få tru på seg sjølv, og få oppleva å vera ein viktig del av fellesskapet.

## **2.0 Barnehagen sitt verdigrunnlag**

### **2.1 Barnehagen skal ivareta barna sitt behov for omsorg**

*«Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vera trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik», «Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna» (Rammeplan for barnehagen, 2017. s.19).*

Dette betyr at i Motlandsmarka ser me personale som:

- Trøyster alle – alltid
- Ser kvart enkelt barn, møter deira behov og er emosjonelt tilgjengelege
- Bekreftar barn sine følelsar, set ord på dei, toler dei, hjelper barna med å sortere følelsane sine og hjelper barna vidare.
- Er sensitive og tilgjengelege vaksne, som er vare for barna sine signaler
- Hjelper barn å takle vanskelege situasjonar slik at dei kan bli robuste
- Sett oss ned på barna sitt nivå og ikkje snakkar over hovudet på dei
- Møter barna med eit varmt hjarte og kaldt hovud

## 2.2 Barnehagen skal ivareta barn sitt behov for leik

«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen og eigenverdien til leik skal anerkjennast. Barnehagen skal gje gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vera ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling.» (Rammeplan for barnehagen 2017. s.20).

Birgitta Knutsdotter Olofsson seier at leiken er barna sin eigen pedagogikk som me vaksne har som oppgåve å forvalte (Det viktigaste er å få leike, Ôhman, 2012). Personalet skal sette av tid til og inspirere til leik i eit fysisk leikemiljø som også inspirerer. Dei vaksne har ein viktig rolle som igangsetjarar og vidareutviklar av leiken, og ansvar for at alle barn vert inkluderte. Det å få vera med på felles opplevingar og felles aktivitetar i barnehagen, kan danne grunnlag for leik, og etter kvart vennskap. Vennskap er grunnlaget for barns trivsel og meistring i barnehagen. Dei vaksne må vera sensitive overfor barna, sjå kva dei liker, meistrar og løfte fram barna på dette.

Dette betyr at i Motlandsmarka barnehage ser me personale som:

- Organiserer tid, rom og materialer for leik
- Har kunnskap om leik og gjer bevisste val
- Deltar aktivt i leiken, inkluderer barn som havner utenfor, og er gode rollemodeller
- Viser engasjement, sprer glede og skaper magiske øyeblikk
- Bruker sin observasjonskompetanse til å ta barnas initiativ, og bygger vidare på deres interesser
- Skaper felles leikereferanser som inkluderer alle barn i god leik

## 2.3 Barnehagen skal fremme danning

«Barnehagen skal bidra til at barna skal forstå felles verdiar og normer som er viktig for fellesskapet. Danning er ein livslang prosess som handlar om å utvikle evne til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar. Barnehagen skal fremje samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsetjast og fylgjast opp» (Rammeplan for barnehagen, 2017. s. 21).

I barnehagen vil me bidra til å danne ei positiv sjølvforståing og identitetsutvikling hos det enkelte barn, og hjelpe barnet til å sjå seg sjølv som eit sjølvstendig individ. Me vil òg at barnet skal oppfatte seg som ein viktig del av fellesskapet. Når barnet ser at dei er viktige, både for seg sjølv og andre, kan dei og læra å ta ansvar og sjå seg sjølv som ein del av eit

demokrati.

Danning er haldning, livslang læring og solidaritet. Me dannast inn i eit demokratisk samfunn og i dei relasjonane me er i. Då vil det få betydning korleis barn blir møtt av vaksne. Dette er med på å gje barna eit bilete av seg sjølv. Då blir det viktig at barna sine ord, meiningar og perspektiv vert høyrte, lagt merke til og anerkjent.

Dette betyr at i Motlandsmarka barnehage ser me personale som:

- Tek barna på alvor
- Lar barna få medverking i det som skal skje i barnehagekvardagen
- Lærer barna samfunnet sine normer og verdiar. Det å vera ein del av ei barnegruppe, kan me sjå på som det å vera ein del av samfunnet sitt fellesskap
- Ser og høyrer aktive barn, og vaksne som anerkjenner barn sine uttrykk og handlinger

«Danning er det som sitt igjen når du har gløymt alt du har lært»

Ellen Key

## 2.4 Barnehagen skal fremme læring

*«I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meningsfull samhandling. Barn sin nysgjerrigheit, kreativitet og vitebegjær skal anerkjennast, stimulerast og leggest til grunn for deira læringsprosessar» (Rammeplanen s. 22, 2017).*

Dette betyr at i Motlandsmarka barnehage ser me personale som:

- Er like aktive oppe og nede i trygghetssirkelen
- Støtter barn sin nysgjerrigheit, kreativitet og vitebegjær
- Bidrar til å gi barna meistringstru
- Undrar seg saman med barna og skapar vitebegjær
- Snakkar saman med- og ser kvart enkelt barn sine interesser
- Organiserer rommet, og deler i mindre grupper
- Er tett på, engasjerte og veileder barna

Læring føregår ikkje berre i planlagde aktivitetar, men og i meir eller mindre spontane kvardagsaktivitetar. I Motlandsmarka barnehage er me opptekne av at kvardagen skal vera god og trygg. Bringe- og hentesituasjonar, måltid, av- og påkledning, stell og soving, er situasjonar me ser på som kvardagsaktivitetar. Dette er gode og viktige læringsarenaer, der personalet må ha eit bevisst forhold til læring, barn sin medverknad, sosial kompetanse, omsorg og danning. Læring føregår i det daglege samspelet med andre menneske og tryggleik er ein føresetnad som må ligge til grunn for læring og meistring. Måten me snakkar med barnet på og samspel med dei på er heilt avgjerande for kva dei lærar i kvardagsaktivitetar.

Læring og leik heng tett saman. Barn kan få mykje god læring gjennom leik. Men dei vaksne må sikre at leiken blir ein god læringsarena for alle barn. Leiken har ein eigenverdi, og for barna er leiken eit mål i seg sjølv. Dei leiker ikkje for å læra.

«Barnet er i leiken medan læringa er i barnet»

Kjell Steinholt, 1998

## 2.5 Progresjon

«Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, erfare, lære og oppleve framgang» (Rammeplan for barnehagen, 2017. s.44).

Barna skal oppleva at dei blir ivaretekne utifrå deira behov og utvikling. Det inneber og at me aukar forventningane til dei med alder og utvikling. Me jobbar ut frå didaktiske planar som legg til rette for læring og progresjon til barna i barnehagen. Me nyttar prosessplanar for å dokumentera og forbetre praksis.

## 3.0 Fokusområde frå Kvalitetsplan for barnehagen


Gjennomgåande for kvalitetsplanen er fokuset på dei vaksne. Kompetanse, haldningar og verdiar må vise igjen i dei vaksne sine handlingar i møte med barn.

### 3.1 Godt språkmiljø for alle barn – Årets satsningsområde.

Fjorårets satsingsområde var leiling i alle ledd. Då tok med tak personalets ansvar for å leggja til rette for leik. Me såg at barnekulturen er mangfoldig, og me introduserte Kardemommeby som eit tema for alle barna i barnehagen. På den måten fekk med ei dør inn til leiken som er



open for alle. Dette året viderefører me temaet Kardemommeby, men dreier fokuset til språkmiljø. Inkludering er fortsatt viktig, og ASK (Alternativ Suplerande Kommunikasjon) er sentralt for at alle blir ein del av språkmiljøet. Me skal vera aktive voksne som støttar og utvidar språket i møte med barna. Godt språkmiljø er alltid viktig, både når barnet er oppe og nede i trygghetssirkelen. Derfor har me med oss modellen dette året òg.



Prosessmål frå kvalitetsplanen:

- Ha kompetanse på ikkje-verbale kommunikasjon i møte med dei yngste barna.
- Ha kompetanse på å vere god samtalestøtte for barn.
- Ha kompetanse på barn si språkutvikling og systematisk bruk av ASK til alle barn.

## **4.0 Medverknad**

*«Barnehagen skal ivareta barn sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for sitt syn på barnehagen sin daglege verksemd, jf.*

*Barnehageloven § 1 og § 2.*

### **4.1 Barn**

*«Barnehagen skal vera bevisst på barna sine ulike uttrykksformer og tilretteleggje for medverknad på måtar som er tilpassa barna sin alder, erfaringar, individuelle føresetnadar og behov» (Rammeplan for barnehagen, s. 27).*

Medverknad er først og fremst ei haldning til at barn er kompetente og viktige i sitt eige liv. Barna skal få ha innverknad på innhaldet i barnehagekvardagen. Barna skal bli spurt om deira meining, bli lytta til, tekne på alvor og akseptert som kompetente og møtt med respekt og anerkjening. Det betyr ikkje at barn får gjera som dei vil, men at dei opplev å bli tatt på alvor og lytta til. Det er starten på ei demokratisk forståing. Barndommen har ein eigenverdi og barna sine synspunkt skal tilleggas vekt i samsvar med alder og modning.

### **4.2 Foreldresamarbeid**

Me er saman om ein god barndom. Motlandsmarka barnehage ønskjer å ha eit godt samarbeid med foreldra, til barnet sitt beste. Det er foreldra som har hovudansvaret for å oppdra barna sine (barnekonvensjonen og barneloven), men me i barnehagen ønskjer å vere eit positivt og godt supplement til heimen. Det arrangerast foreldremøte kvar haust, samt foreldresamtalar to gonger i året. På samtalanene vert det lagt vekt på kvart enkelt barn, barnet sin trivsel og utvikling, og meistring og utfordringar. Foreldra kan og koma med sine erfaringar. Det er mogleg å spørje om fleire samtalar ved behov.

Barnehagen vidarefører prosjektet «Saman om god oppvekst». Dette er foreldreveiledning der både foreldre og tilsette til barn på 3 og 6 år deltek.

## **5.0 Overgangar**

### **5.1 Når barnet begynner i barnehagen**

Det er ein stor overgang for barnet å begynne i barnehage. Personalet i Motlandsmarka barnehage ønskjer å leggja til rette for at denne overgangen skal bli så trygg og god som

mogleg. Me deler tilvenninga inn i 3 fasar:

- Første fase er det som føregår allereie før barnet startar i barnehagen. Då inviterer me til foreldremøte for nye foreldre. Der får dei omvising i barnehagen, dei får møte pedagogiske leiarar, samt mottek nyttig og relevant informasjon om barnehagestart og barnehagekvardagen. Me arrangerer besøksdagar i juni, der barn og foreldre får koma til barnehagen og møte primærkontakt og verta kjent på avdeling. I tillegg gjennomfører me ein oppstartssamtale før sommaren. Målet med samtalen er at barnehagen skal bli best mogleg førebudd på å møte barnet og føresette på ein tilpassa måte. I den første fasen oppfordrar me nye barn og foreldre til å nytta seg av uteområdet til leik på ettermiddagar og helger.

- Andre fase er dei første dagane i barnehagen. Då har me tilvenning for barnet der foreldra er med minimum dei fem første dagane. Når foreldra er saman med barnet desse dagane, kan barnet bli kjent med dei tilsette, dei andre barna, rutinar og det fysiske miljøet i barnehagen, samstundes som den tryggaste for barna er tilstades.

- Den tredje fasen kan vare nokre dagar for nokon barn, og nokre månader for andre barn. Her skal barnet få erfaring med mange sider av barnehagens kvardag, utan foreldra til stades. I denne fasen tek me små steg, og utvidar barnas horisont. Dei blir kjende med fleire vaksne, fleire barn, og fleire aktivitetar. Målet er å gjera det i barnet sitt tempo.

«Ein god barnehage varer livet ut»  
- ukjent -

## 5.2 Overgangar innanfor barnehagen

Overgangen til ny avdeling kan vera krevjande for eit barn. I tillegg til at mykje er nytt for barnet, opplever dei ofte at vaksne og barn som dei har ein god relasjon til kanskje ikkje skal vera ein del av deira kvardag lenger. Derfor samarbeider me på tvers av avdelingar for å gjera overgangen ved bytte av avdeling best mogleg. Gjennom heile året vil barna gradvis utvide sine relasjonar til vaksne og barn på eigen avdeling og etter kvart andre avdelingar.

I juni arrangerer me besøk på ny avdeling. Då får barnet besøka ny avdeling i lag med primærkontakt, delta i leik, samling og på måltid. Målet er å leggje til rette for ein trygg og

god overgang, at barna skal verta kjende og få ein begynnande tryggleik på ny avdeling før oppstart i august. Me har og overgangssamtalar mellom primærkontaktar/pedagogiske leiarar på avdelingane og på den måten kan me følgje opp barna på ein god måte.

### **5.3 Overgang mellom barnehage og skule**

Me har gode rutinar for overgangen barnehage-skule. Frå februar/mars fram til juni vert barna inviterte til skulebesøk. Her er det eit variert opplegg der barna får verta kjent med skulen sitt inne- og uteområde, lærarar og kvarandre. Dei barna som går i barnehagen den dagen, vert følgt av personalet i barnehagen. Foreldre vert inviterte til foreldremøte på skulen, samt ein overgangssamtale mellom barnehagen, heimen og skulen. I tillegg arrangerer me leikegrupper på fritida saman med alle barna på Nærbø som skal gå på same skule. Me har og ei skattekiste med bøker, songar og regler som barna møter igjen når dei byrjar på skulen.

## **6.0 Samarbeid**

### **6.1 Samarbeid internt i barnehagen**

Barna i barnehagen er den viktigaste grunnen til at me er på arbeid i barnehagen. Me legg vekt på godt samarbeid på tvers av huset, til det beste for barna. Alle har eit felles ansvar for alle barn, både inne og ute. Kvar morgon har me morgonmøte. Der fordelast ressursar, og me vurderer kva som må til for at dagen skal verta best mogleg.

Me har leiarmøte ein gong i veka med fokus på leiing og fagleg utvikling. I tillegg har me avdelingsmøter og personalmøte på kveldstid der me deler kompetanse, ser på praksis, reflekterer og evaluerer for å heile tida kunne forbetre praksis.

Me driv systematisk veiledning internt i personalgruppa. Målet er å utvikla den einskilde sin praksis, og den kollektive kompetansen.

Ein gong i månaden har me refleksjonsgrupper der me løfter fram faget særlig knytta til satsingsområdet.

### **6.2 Samarbeid med eksterne instansar**

Barnehagen har eit tett og godt samarbeide med fleire instansar:

- PPT – pedagogisk psykologisk rådgjevingsteneste for foreldre og barnehage, kontaktperson er Beathe Hobberstad.
- Barnevernstenesta i Hå: kontaktperson Lisa Husa
- Helsestasjonen på Nærbø: kontaktperson er helsesjukepleier Elisabeth Kydland Plut.
- Fysioterapeut: kontaktperson er Claudia Nicolette Van Holtz
- Familiesenteret: eit lågterskeltilbod der du kan få støtte og rettleiing i foreldrerolla og snakka med fagpersonar. Du kan ta kontakt sjølv eller me kan hjelpe deg med å formidle kontakt
- Ressursteam: Barnehagen har faste møter i ressursteam. Teamet består av barnehagen sine pedagogiske leiarar, styrar, kontaktperson frå PPT, barnevernstenesta, helsesøster og fysioterapeut. Dette er eit tverr-etatleg team der barnehagen og foreldra kan ta opp saker for å få råd og rettleiing enten det gjeld enkeltbarn eller barnegrupper. Vert eit barn teke opp med namn skal det alltid vera i samarbeid med foreldra, og foreldra skal gje skriftleg samtykke til dette.

## 7.0 Vurdering

Barnehagen skal jamleg evaluera og vurdera det pedagogiske arbeidet. Me har gode prosedyrar for å evaluera arbeidet, både på leiarmøter, avdelingsmøter og personalmøter. Gjennom satsinga på veileding vil me og ha fokus på å vurdera og forbetra eigen praksis.

«Start with yourself if you want to improve the world»  
- Van der Brock -

## 8.0 Tema og arbeidsmåtar

Avdelingane jobber med ulike tema i løpet av året. Nokon tema er felles for alle avdelingene:

### Kardemommeby:

I løpet av året skal vi formidle historien om folk og røvere i Kardemommeby. Målet med dette er at vi skal skape en felles leikeplattform som alle barn og vaksne kjenner godt til.

Barnekulturen er mangfoldig, og det er en styrke. Ved å jobbe godt med temaet Kardemommeby, ønsker vi at alle barn skal bli inkludert i en felles del av barnekulturen.

### **Barn og seksualitet:**

I heile veke 3 skal barnehagen arbeide med temaet kroppen min. Temaet vil bli tilpassa barnas alder. Vi har valgt temaet fordi det er viktig at barna har kjennskap til og kunnskap om eigen kropp, kjenner forskjell på gode og vonde kjensler, og veit noko om ansvar og grenser. For at barn skal ha eit godt forhold til eigen kropp, er det viktig at dei har kunnskap. Gjennom temaarbeidet ønsker vi å motvirke skam og tabu, og heller bidra til at barna får et naturleg og sundt forhold til seksualitet. For nokon (helst vaksne) er det rart å snakke om barn og seksualitet. Men for barn er dette viktig. I tilknytning til dette arbeider personalet med temaet forebygging av vald og seksuelle overgrep. Ein viktig måte å forebygge seksuelle overgrep på, er gi barna kunnskap om kropp, grenser, vonde og gode hemmelegheiter.

### **Brannvernsveke**

Kvar haust har vi brannvernsveke. Denne veka har vi ekstra fokus på korleis brann oppstår, kan førebyggast, sloknast, og snakkar om brannvern i barnehagen og heime. Vi har brannøving i barnehagen, og vi snakkar og syng om både brannbil, brannvesen og brannfargane. Alt dette skjer tilpassa alderen på borna.

## **9.0 Inkluderande barnehagemiljø**

Barnehagen har vore med i UDIR si satsing for inkluderande barnehage- og skulemiljø 2017-2019. Dette er ei satsing som har gitt oss meir kunnskap om korleis me kan fremma eit trygt og inkluderande barnehagemiljø, korleis me kan jobba førebyggande, og handtera mobbing og andre krenkingar og for at alle barn skal kjenne seg som en viktig del av fellesskapet. Kunnskapen og fokuset som satsinga har gitt oss, vil me vidareføra. Vi fortsett arbeidet og har jamleg fokus på temaet.

Eit trygt og inkluderande miljø for barna betyr at dei opplever det trygt og godt i barnehagen. Det betyr at dei kjenner at dei er ein viktig del av fellesskapet, og gler seg til å gå i barnehagen. Det betyr at dei har nokon å leike med og er inkluderte i barnegruppa. Vennskap og leik er avgjerande for barns trivsel og for å førebygge mobbing.


Ein god tilbakemeldingskultur er viktig for å ha eit trygt barnehagemiljø. Me bruker omgrepet *innanfor- og utanfor ramen* for å veilede kvarandre. Det er viktig å vise at me ser, bryr oss og gjer beskjed når ting ikkje er greitt. Me skal både gi beskyttelse og hjelpe barn til å lukkas

med samspel med andre. Me bruker og omgrepet *den røde og grønne grøfta*. Det viser til den autoritative voksenstilen som klarer å balansere grenser og varme på ein god måte. Me kan hamne utanfor ramen både med å vera i den grønne og røde grøfta. Med å ha ein god tilbakemeldingskultur kan me hjelpa kvarandre til å møte barn på ein god måte.

Den 1. januar 2021 blei det innført aktivitetsplikt i barnehagen. Barnehagen skal førebygge tilfelle der barn ikkje har eit trygt og godt læringsmiljø ved å arbeide med å fremme helse, trivsel, leik og læring til barna. Aktivitetsplikt betyr at alle som jobbar i en barnehage skal følge med på korleis barna har det. Alle som arbeider i barnehagen skal melde frå til styrar dersom eit barn ikkje har et trygt og godt barnehagemiljø.

Ved mistanke eller kjennskap til at et barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø eller når eit barn eller foreldre seier at barnet ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarast undersøke saken og sette inn eigna tiltak, slik at barnet får eit trygt og godt barnehagemiljø.

### Handlingsløyfe ved mistanke om at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø



Det er og skjerpa aktivitetsplikt om ein som arbeider i barnehagen får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som jobber i barnehagen krenker eit barn. Da skal vedkomande straks melde frå til styrar.

Arbeidet med trygt og godt barnehagemiljø er et kontinuerlig arbeid. Derfor blir temaet arbeid med jevnleg.

